



Bommen på denne staden måtte fjernast etter ei rettsavgjerd. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Øyro campingplass har vunne ein rettstvist mot Rabben Camping om opning av bommen på vegen langs elva ned til campingplassane.

Sunnhordland Tingrett tilpliktar Steinar Myklebust å fjerna oppsett bom over tilkomstvegen og han må og betala 21.105 kroner i sakskostnader til Elin Enes. .

. Retten seier at bommen på elvevegen må opnast slik at det er høve til fri ferdsel til Øyro campingplass. Retten set også forbod mot å ha bommen ståande lukka sjølv om han ikkje er låst.

Steinar Myklebust meinte at vegen ikkje er teikna inn i den aktuelle reguleringsplanen og at partane i samband med ny reguleringsplan har vore samde om at vegen skal erstattast av ein annan veg som ligg om lag der Enes no har fått tilbod om å ha vegtilkomst.

Difor har Rabben stengt elvevegen frå brua ned til campingplassane med bom. Elin Enes seier til Grenda at ho er glad for at vegen, som har vore stengt ein månads tid, er opna slik at alle kan køyra ned til campingplassen.